



Hordaland fylkeskommune
Irene Velure
Samferdselsavdelinga | Vegseksjonen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

16/1511-9/FE - 121, HistSak - 12/1086//RSK

Dato:

19.10.2017

Høyring på investeringsprogrammet for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Det vert vist til høyring på investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018 – 2029 med høyringsfrist 20. oktober.

Øygarden kommune er nøgd med at den viktige tilførselsåra for Sotrasambandet fV 561 «Kolltveit – Ågotnes» får prioritet 1 i denne perioden sjølv om finansiering ikkje er avklart.

Under punkt 5.3.5.4 «Mindre utbetringar (spleiselag)» er det for åra 2018 og 2019 sett av 20 millionar kroner årleg. I programmet er det nemnt at Øygarden kommune ønskjer å få til eit spleiselag for å ruste opp delstrekningar av fV 229 Skjold - Hellesøy. Vidare går det fram av programmet at storparten av potten i 2018 er låst til to ulike prosjekt i andre kommunar. Øygarden kommune skal i dialog med HFK om dette prosjektet og vil signalisere ei forventning om ei monaleg dekking av kostnadane over posten «mindre utbetringar (spleiselag)» for åra 2018 og 2019.

Øygarden kommune har tidlegare tatt på seg store kostnader ved utbetring av fylkesvegstrekk i kommunen utan at dette har vorte særleg belastande for budsjetta til SVV og HFK. Vi meiner difor å vera i posisjon til at HFK prioriterer dette prosjektet og ser fram til ein god dialog vidare.

Med helsing

Råmund Skjold
kommunalsjef tekniske tenester

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi:

Øyvind Lunde